

Vennelaget for Bø Prestegard



Årsmøte
Tysdag 12. mars 2024

Til
Medlemmene i Vennelaget for Bø Prestegard.

Tida for årsmøtet i Vennelaget nærmar seg. Vi håpar du set av kvelden og får høve til å møte **i prestegarden.**

Dag og tidspunkt for årsmøtet er tysdag 12. mars kl. 19.00

Har de forslag til årsmøtet, send det før 5.mars til styret ved Helga Sannes Marthinsen, Borgjalia 30, 3801 Bø, eller på e-post. Adressa er : helga.sannes@gmail.com

Etter årsmøtesakene blir det servering og utlodding.

På årsmøtet skal følgande saker behandlast:

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2: Val av møteleiar og referent

Sak 3: Val av 2 til å skrive under protokollen

Sak 4: Årsmelding

Sak 5: Fastsetjing av medlemskontingenten for 2025

Sak 6: Revidert rekneskap

Sak 7: Budsjett

Sak 8: Val:

Sak 9: Drøfting av planane for komande år

Sak 10: Behandle innkomne forslag

Bø 22.02.2024

Med helsing
styret i Vennelaget for Bø Prestegard

Helga Sannes Marthinsen, Jan Lepperød og Margit Ryen Steen, Anne Bjørg Wormsen,
Johnny Hofsten

Årsmelding for Vennelaget i Bø prestegard 2023

Styret har vore:

Leiar: Helga Sannes Marthinsen

Nestleiar: Anne Bjørg Wormsen

Kasserar: Jan Lepperød

Sekretær: Margit Ryen Steen

Styremedlem: Johnny Hofsten, gjekk inn for Olav Mandt som dessverre døydde brått rundt årsmøtet sist.

Varafolk i nummerert rekkefølge:

1. Liv Aasmundsen

2. Olav Solberg

3. Inger Haugen

Revisor: Nikolai Boye

Valnemnd: Rune Zeylon, Kristin Kleppen og Kari Grønningsæter.

Programkomite: Axel Bugge, Kari Grønningsæter og Helga Sannes Marthinsen.

Utstillingsgruppa har bestått av: Solveig Torstveit (leiar), Anne Moe, Tone Vivi Ness, Dagrund Hanto, Torhild Aavik, Unni Lunde og Martha Bjelland Bø.

Utstillarar var:

Biletkunst: Åsne Margrete Reiten, Liv Solberg Andersen, Runaug Venås, Tina Tobiassen og Espen Nerhus.

Kunsthåndverk: Dag Bratbergsengen, Toril Lønnaas, Martha Bjelland Bø, Mari Fallet Mosand og Hilde Iren Dølheim.

Medlemstalet i Vennelaget i 2023 har vore 46 enkeltmedlemmer, 32 familiemedlemmer og 1 lag/organisasjon. Det er nesten det same som året før.

Styret har hatt 7 møte der 43 saker har vore oppe.

Vennelagets representant i Stiftinga har vore Helga Sannes Marthinsen, og ho har møtt på styremøta der.

Helga har også vore kontaktperson for utleiga i 1. etasje. Styret og vararepresentantane har delt på oppgåvene med å vera «vaktmeister», dvs. å sjå etter huset generelt, passe på varmen vinterstid og oppvarming før utleige og arrangement. Det meste av golvvask er gjort av innleigd hjelp.

Anne Moe har framleis hatt ansvaret for utleiga i 2. etasje og kontakten med studentane der. Takk igjen til Anne!

Prestegardskveldar:

I vårsemesteret var det 3 svært vellykka arrangement:

«Klokkaren i norsk litteratur» med Johan Hyvik var det fyrste. Dette var eit spennande tema som har vore lite belyst frå før.

Fuglekvelden 15. mars blei også ein fin kveld med godt fram møte. Her var det Øyvind Steifetten som delte kunnskapen sin om fuglar med oss.

Og på songkvelden 10. mai med Anne Theie , Torgeir Hefre og Erling Eriksen var det som alltid fullt hus. Denne gongen var også Ingunn Flatland med, og det var eit vellykka tilskot.

Hausten opna arrangementa i september med føredrag av Nils Ivar Agøy om «Kyrkja og arbeidarrørsla».

I oktober var det lokalhistorie på programmet med Gunnar Brekke Amundsen. Han tok utgangspunkt i jubileumboka om Bø vidaregåande skule, som han var ein av forfattarane av. Denne gongen friska det opp med ein føredragshaldar frå den yngre garde!

Neste månad hadde Otto Christensen filosofisk kafe med temaet «Treng vi kunst?» Svaret her var eit absolutt «ja».

Til slutt var det «Tradisjonar rundt advent og jul» med Olaf Aagedal ved inngangen til adventstida.

Elles blei det tradisjonell 17. mai-feiring med sal av lapskaus, kaffi og blautkake. Mykje folk og gode inntekter sjølv om veret var litt surt.

Pilegrimane fekk det vanlege tilbodet om kjøp av saft, kaffi, vaflar og kaker på pilegrimsvandringa 29. mai.

Sommarutstillinga var som vanleg godt besøkt. Kunstsalet var litt mindre enn året før, men talet på gjester og kafesalet auka. Desse vekene med utstilling er god reklame for prestegarden, men svært arbeidskrevjande.

Endeleg blei det kakebasar att! Nattopetorsdagen var oppteken på Bøsenteret, men vi fekk ein fredag før i staden. Mange fine kaker og anna fekk nye, glade eigarar, og inntekta blei vel 11000 kroner. Samstundes prøvde vi å kapre nye medlemmer, blant anna ved å lage ei enkel brosjyre om staden, der vi skreiv litt om fordelane med å vera medlem av Vennelaget..

Økonomien: Den årlege «lovnaden» om å overføre 30000,- til Stiftinga er oppfylt, og bankinnskottet er auka til vel 105000. Meir om økonomien under rekneskapen.

På dugnadane i hagen, som Tore Bjørn og Anne Moe styrer, er det alltid folk som deltek. Etter arbeidet er det kveldsmat på gamlekjøkkenet med god prat. Takk til Hagelaget og Bø Rotary og alle andre som trufast stiller opp.

Ein stor takk til Marit Flaatin for alle dei flotte hagebøkene ho har skjenka prestegarden. Dei er nå plasserte i fine hyller inne på det gamle prestekontoret og kan brukast av alle som

ønskjer å få inspirasjon og kunnskap om hagestell. Takk også til dei som har slipa og lakka golvet der inne og sett opp hyllene.

I tillegg til dei som er nemnt tidlegare. vil styret takke alle kakebakarar, kaffikokarar, underhaldarar, kunstseljarar og dei som på ein eller annan måte har hjulpet til med å halde Bø prestegard i gang i 2023.

Bø 15. februar 2024

Helga Sannes Marthinsen
sign.

Jan Lepperød
sign.

Margit Ryen Steen
sign.

Anne Bjørg Wormsen
sign.

Johnny Hofsten
sign.



VENNELAGET FOR BØ PRESTEGARD

Rekneskap for 2023

Budsjettframlegg for 2024

Noter:	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022	Budsjett 2024	
Inntekter:					
Kontingent pers.medlem/fam	1	28 200	30 000	29 350	30 000
Kontingent lag / organisasjon	1	500	1 000	1 000	500
Off. tilskudd	2	9 582	11 000	11 386	9 500
Gåver til Vennelaget		10 501	1 700	1 700	1 700
Inntekter v/arrangement:					
Bøker i Bø		-	-	-	-
17-mai fest		21 000	17 000	16 878	20 000
Kakebasar		11 815	-	-	12 000
Pilegrimsvandring / Kyrkjekaffe			2 000		2 000
Utlodningar/div. sal		1 465	5 000	1 260	2 000
Inntekter v/arrangement:	3	1 040	10 000	13 240	2 000
Renter		74		62	
Samla inntekt		84 177	77 700	74 876	79 700
Utgifter					
Overføring Stiftinga	4	30 000	30 000	60 000	30 000
Annonser,	5/7/8	10 847	3 000	2 115	11 000
Adm. Utgifter rekvisita		2 615			1 200
Inventar/utstyr		-	10 000	6 352	2 000
Utgifter til arrangement	6/7/8	26 277	15 000	22 991	26 000
Møter		-	3 000	53	1 000
Leige, reinhald		5 875	3 000	1 125	6 000
Prosjektkostnader		-		8 189	-
Utgifter v/dugnad			5 000		-
Utgifter utlodningar		698			1 000
Vedlikehald av hus		-	5 000	792	-
Gåver/blomster		725	1 000	1 683	1 000
Gebyr/øreavrunding		739	500	496	500
Samla utgifter		77 776	75 500	103 796	79 700
Årets resultat		6 400	2 200	28 920	-
Eiendeler:					
Innestående på kto 2630.30.08534		96 488		68 602	
Innestående på kto 2630.33.97247		9 046		30 601	
Sum bankinnskudd		105 533		99 203	
Sum eiendeler		105 533		99 203	
Egenkapital/gjeld:					
Egenkapital 01.01.2023		95 305		124 225	
Underskudd pr. 31.12.23		6 400	-	28 920	
Sum egenkapital pr. 31.12.23		101 705		95 305	
Gjeld:					
Forskot kontingentar		1 300		1 300	
Påløpt kostnad		2 528		2 598	
Sum gjeld		3 828		3 898	
Sum egenkapital og gjeld		105 533		99 203	

Bø, 06.02.2024

Helga Sannes Marthinsen
sign.

Margit Ryen Steen
sign.

Jan Lepperød
sign.

Johnny Hofsten
sign.

Anne Bjørg Wormsen
sign.

Revidert

Nikolai Boye
sign.

Bø
19.02.2024

Revisor

VENNELAGET FOR BØ PRESTEGARD

Vennelaget Bø Prestegard

Noter 2023

Note 1.	Medlemskontingent	
	32 Familiemedlemmer	
	46 Enkeltmedlemmer	
	1 Foreningsmedlem	
Note 2.	Off. Tilskot	
	Bø kulturnettverk	9 582
Note 3.	Inntekter / arrangement	
	Arrangement 28.11	1 040
	Sum	1 040
Note 4.	Overføring stiftelsen	
	Overført Stiftelsen -1 år	30 000
Note 5.	Annonser-salgskostnader	
	Annonser 17. mai	1 625
	Annonser kunstutstilling	1 875
	Annonser prestegårdskvelder, div.	7 347
	Sum	10 847
Note 6	Utgifter arrangement	
	Kunstutstilling	12 167
	17. mai	5 847
	Diverse	8 264
	Sum	26 277
Note 7	Regnskap 17. mai arrangement	
	Inntekter	21 000
	Varekostnader	- 5 847
	Annonser	- 1 625
	Netto inntekt	13 528
Note 8	Kostnader kunstutstilling	
	Varekostnader Meny	12 167
	Annonser	1 875
	Sum kostnader kunstutstilling	14 042

Valgkomiteen i Bø Prestegard:

Medlemmer: Kristin Kleppen, Kari Grønningsæter og Rune W Zeylon

Det er avholdt et møte, 6.2.24, Stasjonsvegen 33, samt oppfølging på mail.

Valgkomiteens forslag for neste periode: 2024 – 2026

Styret:

Helga Sannes Martinsen	gjenvalg	2024 – 2026
Margit Ryen Steen	ikke på valg	2025
Anne Bjørg <u>Wormsen</u>	ikke på valg	2025
Jan Lepperød	ikke på valg	2025
Johnny Hofsten	gjenvalg	2024 – 2026

Vara – nummerert rekkefølge:

Ragnhild <u>Aarestad</u>	ny	2024 – 2026
Olav Solberg	gjenvalg	2024 – 2026
Inger Haugen	ikke på valg	2025
Anne <u>Ma</u> Heldal	ny	2024 – 2026

<u>Revisor:</u>	Nikolai Boye	ikke på valg	2025
-----------------	--------------	--------------	------

Valgnemd – rullerende valgperiode – 3 år, lengst sittende er leder.

Rune W Zeylon	gjenvalg	2024 - 2026
Kristin Kleppen	ikke på valg	2025
Kari Grønningsæter	ikke på valg	2025

Bø, 14.2.24

Rune W Zeylon

Kristin Kleppen

Kari Grønningsæter

BØ PRESTEGARD

Bø prestegard er ein av dei eldste bygningane i Bø som det framleis bur folk i. Den eldste tømmerbygningen er frå 1600-talet, den andre frå midten av 1700-talet. I moderne tid har bygningen fått ei kraftig ansiktsløfting både utvendig og innvendig, og blir tilbakeført til stilen i 1890-åra. Korleis prestegardsbygningen såg ut i mellomalderen, veit vi ikkje. Men presten budde i alle høve her, på Holmen, som garden heiter. Mellom prestegarden og kyrkjene på Bø-haugen går prestevegen, framleis godt synleg og ein viktig del av kulturlandskapet i Bø.

Presten var ein viktig mann i det gamle samfunnet. Det ser vi av dei norske folkeeventyra, her er presten ein sentral figur – ikkje alltid positivt framstilt. Vi ser likevel at det følgde mykje prestisje med presteembetet. Dei beste prestane arbeidde både for danning og utdanning i kyrkjelyden. Andre prestar hadde skaffa seg *svarteboka*, meinte folk. Det ville i praksis seia at dei kunne trolle og jamvel mana sjølve djevelen. Trollkjerringar i bygda kunne dei også skaffe seg oversikt over. Det var i alle fall det mange trudde. I nyare tid var presten Julius Kofod (1846–1928) ein populær mann. Det finst fotografi av prestegardsbygningen frå hans tid.

Etter at jord- og skogeigedomane var selde frå prestegarden, og uthusa rivne, var prestegarden på veg inn i ei ny tid. Kva ville skje når prestegarden i Bø ikkje lenger vart brukt til bustad for presten? Eit folkemøte i Bø kravde at prestegarden ikkje skulle seljast til høgstbydande. Etter forhandlingar med Opplysningsvesenets fond om kjøp av prestegarden vart Stiftinga Bø prestegard etablert. Det skulle vise seg å bli eit stort økonomisk løft, for opplysningsfondet gav ikkje akkurat ved dørene. Stiftinga Bø prestegard vart etablert i 2006 med formålet å ta vare på prestegarden «som del av den lokale kulturarven og som kulturminne». Sidan 2006 har Stiftinga Bø prestegard lykkast med å sikre det økonomiske grunnlaget for den gamle prestegarden på Holmen.





Gode venner av Bø prestegard.

Så er vi i gang igjen i eit nytt år.

Vi satsar på varierte aktivitetar på prestegarden i året som kjem. Det blir Prestegardskveldar, 17. mai feiring som før og kunstutstilling til sommaren.

Bø prestegard kan leigast til små og litt større selskap eller samankomstar. Det betyr at de også kan bruke den flotte hagen vår. Som medlem får du 20% rabatt på leiga.

Kontaktperson for utleige er Helga Sannes Marthinsen, tlf. 95033731 , e-post:

helga.sannes@gmail.com

Takk for at du har støtta prestegarden ved å vere medlem. Ditt medlemskap er viktig. Vi håpar sjølvsagt at du framleis ser gode grunnar til å stø opp om prestegarden og vil fornye medlemskapet for 2024. Kanskje har du ein venn eller andre kjente som kunne tenkje seg å støtte oss. Alle er velkomne.

Kontingenten er nå 300 for enkeltmedlemmer, 450 for husstand og 500 for lag og organisasjonar. Det er viktig at du skriv namnet ditt på giroen. Da veit vi kven som betalar.

Frist for innbetaling set vi til 15. mars.

Betalingsinformasjon ser du nedst på brevet.

Husk å sett namn på betalinga.

Har du ei e-post adresse, vi ikkje har fått? send ho til: Jan Lepperød,

jan.lepperod@boregnskap.no eller Helga Sannes Marthinsen, helga.sannes@gmail.com

E-postadressa gjer det lettare å sende ut informasjon. Sjå også heimesida vår,

www.boprestegard.no

Vi håpar å sjå deg på prestegarden, kom gjerne innom hagen når det passar!

Helsing styret i vennelaget.

* * *

Kontingent 2024

Enkeltperson 300 kr

Husstand: 450 kr

Lag / org: 500 kr

15.03.2024

Namn:

Vennelaget Bø Prestegard
v/ Jan Lepperød
Lektorvegen 19,
3802 Bø

Beløp:

Til konto nr.: 2630 30 08534

Utleige

Bø prestegard blir leigd ut til: bryllaup, barnedåp, namnedag, konfirmasjon, jubileum og bursdagsfeiring.

Prisar utleige – gjeld frå 1, januar 2022.

Heile første etasje: tre stuer, kjøkken, gamlekjøkkenet, toalett, handikaptaolett, mellomstue:

Fredag – søndag	Kr. 4.000
Dag/kveld, møte til kl. 22.30	Kr. 1.200
Dag/kveld, selskap til kl. 02.00	Kr. 2.000
Fredag til laurdag eller laurdag til søndag	Kr. 3.000
Ei stue dag/kveld fram til kl. 22.30	Kr. 500
To stuer dag/kveld fram til kl. 22.30	Kr. 800
To stuer dag/kveld selskap fram til kl. 02.00	Kr. 1.500

Som medlem får du 20% avslag på leiga .

Pris for leigd hjelp frå Vennelaget: kr 250 per time

Ved spesielle arrangement kan vi krevje ekstra ettersyn.

All leige inkluderer bruk av kjøkken og (golv)vask

Strykefrie kvitedukar kan du leige for kr 30 per. Duk

Dukar som må strykast/ rullast, må du betale kr. 250 per duk for.

Romma skal vere rydda og sette i stand etter bruk

Vi har eit godt utstyrt kjøkken med alt ein trengje for å dekke til fest til 70 personar.

Leigetakar disponerer to store kjøleskåp, eit fryseskåp, oppvaskmaskin, mixar, kaffitraktar, stavmixar, vasskokar, omn, kokeplater, kjelar og diversen blomstervasar.

Det er ikkje ønskjeleg at det blir brukt levande lys. Me har 24 oppladbare telys

Det er taleanlegg med høgtalarar i stuene.

Det er prosjektor med lerret frå tak til disposisjon.

Det er også eit godt konsertpiano i hagestua. Stemming av pianoet må avtalast.

Hagen er oppgradert, og på plenen framfor huset er det hagemøblar med plass til 60 gjester. I tillegg kjem ekstra stolar på lager i stabburet.

Vi har kjøreskinner for rullestol

Arrangement må avsluttast seinast kl 02:00

